

Til Tokke kommune

Frå Skafså Grendelag

Skafså, 22.10.2025

Søknad om tilskot til utvikling av nærmiljøanlegg i Skafsåskogen

Skafså Grendelag søker med dette Tokke kommune om medfinansiering til utvikling av turveg i Skafsåskogen. Målet er å knyte saman kyrkjebygda Skafså med den opparbeidde badeplassen på nordsida av Åmlivatn, på ein trafikksikker og opplevingsrik måte.

Tiltaket er i hovudsak eit nærmiljøprosjekt som skal kome dei lokale innbyggjarane til gode, men turvegen vil òg vere eit attraktivt turmål for folk frå resten av Tokke og nabokommunane.

Om tiltaket

Prosjektet omfattar grusing av turveg, inkludert grøfting, drenering, duk med armering og topplag med subbus. Løysinga skal ta omsyn til at grunneigarane kan nytte traktor på strekninga. Vi vurderer difor ei løysing der turvegen går i midten, slik at traktorhjula kjem på utsida av breidda.

Planlegging, gjennomføring og framtidig vedlikehald vil skje i tett dialog med grunneigarar og kommunen. Det blir lagt vekt på god landskapstilpassing og særleg omsyn til sårbare område som våtmark og nærleik til vatn. I desse partia ønskjer vi å bruke kloppar for ei skånsam og reversibel tilrettelegging, basert på erfaringar frå tilsvarande prosjekt.

Tilgjenge og samfunnsnytte

Målet er å gjere det lettare for fleire å ta nærturar i Skafså. Turvegen skal kunne nyttast til fots og av både barnevogn og elektriske rullestolar eller sykklar.

Turvegen vil vere om lag 3 km lang, frå Skafså kyrkje til badeplassen. Ruta kan gjennomførast samanhengande, men det vil òg vere mogleg å gå berre delar av strekninga.

I dag finst det ikkje eit trafikksikkert alternativ for å sykle langs fv. 38, særleg ikkje for barnefamiliar. Ein turveg gjennom skogen vil difor gjere badeplassen meir tilgjengeleg for fleire, utan at ein treng å bruke bil.

Tiltaka som no er planlagt utgjer nødvendig infrastruktur som kan vidareutviklast over tid. Prosjektet vil samtidig bidra til å styrke fellesskapet og samhaldet i bygda, på tvers av generasjonar.

Arbeidet med turvegen er eit samarbeid mellom Skafså Grendelag og 59° Nord, og vi håpar at kommunen ønskjer å bli med på laget. Dette er eit tiltak som vil skape varige verdiar for innbyggjarane i Tokke kommune.

Planlegging og prosjektleiing

Planlegginga er tenkt løyst gjennom 59° Nord med ekstern prosjektleiing i samarbeid med ei lokal arbeidsgruppe. Dette er tidlegare omsøkt til Tokke kommune gjennom 59° Nord, og omfattar midlar til prosjektleiing i 2026 og 2027, der turveg i Skafsåskogen er eit av tiltaka

Finansiering

Budsjettet for turveg og gapahuk er estimert til **2 070 000 kr.**

Vi vil søkje eksterne tilskotsordningar og spelemidlar, i tillegg til denne søknaden om støtte frå Tokke kommune.

Det vil òg bli lagt ned betydeleg eigeninnsats gjennom planlegging og dugnadsarbeid.

Finansieringsplan samla for Skafsåskogen turveg og gapahuk

Finansieringskjelde	Status	Beløp
Spelemidlar (turveg og gapahuk)	Ikkje søkt	1 035 000 kr
Sparebankstiftingar og andre tilskotsordningar	Ikkje søkt	800 000 kr
Eigeninnsats og lokale bidrag	Planlagt	35 000 kr
Tokke kommune	Søknad om medfinansiering	200 000 kr
Totalt		2 070 000 kr

Denne søknaden er utarbeidd i samband med spelemiddelsøknadane som Skafså Grendelag sender via Tokke kommune i januar 2026. Vi håpar på eit positivt samarbeid og økonomisk støtte frå kommunen – både til dette tiltaket og til vidare utvikling av Skafsåskogen.

Med venleg helsing

Skafså Grendelag